



Til dei vidaregåande skulane

Dato: 19.07.2017

Vår ref.: 2016/9170-36

Saksbehandlar: eliwik

Dykkar ref.:

Informasjon om 2. inntaksomgang, skuleåret 2017/0218

2. inntaksomgang er ferdig den 28.juli. Inntaks-/ventelister finn ein på www.vigo.no/vigor/servlet/main. Listene blir ikkje sendt ut på papir.

Søkjrarar som fekk tilbod om plass/venteliste etter 1.inntaksomgang, men som ikkje registrerte svar innan svarfristen den 25.juli er tatt ut frå listene. I forkant av dette vart det sendt daglege påminningar om svarfristen på sms/e-post. Dei som ikkje hadde registrert svar fekk den 26.juli e-post og sms om at dei ikkje lenger har den aktuelle plassen, eller er tatt ut av ventelista. Ver merksam på dette ved skulestart dersom det møter fram elevar som ikkje står på skulen sine inntakslistar.

Det er til dels store endringar på inntakslistene til Vg1 Studiespesialisering i Bergensområdet. Ein reknar med at det også ved 3. inntaksomgang blir ein del endringar på dette utdanningsprogrammet.

I skrivande stund er resultatet av 2. inntaksomgang ikkje klårt. Inntaksleiar har difor ikkje oversyn over om det er tilbod som no har så lite elevtal at det er grunnlag for å vurdere om det kan starte opp. Dette vil bli gått gjennom komande helg. Vi ber likevel rektorane gå gjennom inntakslistene så snart som mogleg for å sjå om dette kan vere aktuelt på din skule. Ta kontakt med inntaksleiar på e-post dersom det er saker som må drøftast.

3. og siste inntaksomgang er den 8. august.

Med helsing

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.